



Innkalling av Valstyret

Møtedato: 08.11.2023
Møtestad: Rådhuset, Lonevåg - Heradsstyresalen
Møtetid: kl.12:30 - 12:45

Ekstramøte i samband med omval av fylkestingvalet 2023 for Østfold i Moss kommune

Eventuelle forfall må meldast til sekretariatet pr epost: runar.ludvigsen@osteroy.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
021/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
022/23	Godkjenning av møtebok
023/23	Førehandsrøysting - Omval - fylkestingvalet 2023

6. november 2023

Lars Fjeldstad
Ordfører

Runar Ludvigsen
Sekretær

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
021/23	Valstyret	PS	08.11.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	23/3088

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Saksopplysningar:

Innkalling med sakliste er send ut.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
022/23	Valstyret	PS	08.11.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	23/3088

Godkjenning av møtebok

Vedlegg:

Protokoll - Valstyret - 12.09.2023

Møteprotokoll frå vert godkjend.

Saksopplysningar:

Møteprotokoll er send ut til godkjenning.

Møteprotokoll for Valstyret

Møtedato: 12.09.2023
Møtestad: Heradsstyresalen - Rådhuset Lonevåg
Møtetid: kl. 19:00 - 20:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Hjalti Heimir Gislason	H	Nestleiar
Lars Fjeldstad	SP	Utvaleisliar
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem
Rita Aud Tveiten	AP	Medlem
Berit Moslett Borge	H	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte: Kommunedirektøren og politisk-adm.sekretariat

Sakliste

Saknr	Tittel
017/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
018/23	Godkjenning av møtebok
019/23	Kommunestyrevalet 2023 - godkjenning av møtebok
020/23	Fylkestingvalet 2023 - godkjenning av møteboka

017/23: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

12.09.2023 VALSTYRET

Det var ingen merknadar til innkalling og saksliste

VS - 017/23 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

018/23: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå vert godkjend.

12.09.2023 VALSTYRET

Det var ingen merknadar til møtebok

VS - 018/23 VEDTAK:

Møteprotokoll frå 21.06.2023 vert godkjend.

019/23: Kommunestyrevalet 2023 - godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Valprotokollen for kommunestyrevalet 2023 vert godkjend slik den ligg føre

12.09.2023 VALSTYRET

Møteboka vert levert ut i møte.

AVRØYSTING:

Samrøystes

VS - 019/23 VEDTAK:

Valprotokollen for kommunestyrevalet 2023 vert godkjend slik den ligg føre

020/23: Fylkestingvalet 2023 - godkjenning av møteboka

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Valprotokollen frå fylkestingvalet 2023 vert godkjend slik den ligg føre

12.09.2023 VALSTYRET

Møteboka vert levert ut i møte.

AVRØYSTING:

Samrøystes

VS - 020/23 VEDTAK:

Valprotokollen frå fylkestingvalet 2023 vert godkjend slik den ligg føre

Til å skriva under møteprotokollen saman med ordførar vart desse valde: Rita Tveiten og Berit M. Borge

Lonevåg, 12.09.2023

Runar Ludvigsen

Sekretær

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
023/23	Valstyret	PS	08.11.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	22/401

Førehandsrøysting - Omval - fylkestingvalet 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Førehandsrøystinga til omvalet i fylkestingvalet 2023 i Østfold for Moss kommune vert halde frå 13.11 – 24.11.2023 i Osterøy rådhus.

Veljar må kontakte kommunen for å avtala tid for røystegjeving.

Kommunedirektøren får mynde å til å tilretteleggja og organisera førehandsrøystinga. Allereie oppnemnde røystemottakarar vert brukt i samband med dette.

Førehandsrøysting skjer i eigna lokale på rådhuset.

Frist for å søkja heimerøysting: onsdag 22. november kl. 12:00.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Grunna valteknisk feil i Moss kommune, brot på vallova, har departementet vedteke at det skal gjennomførast omval til fylkestingvalet i Moss kommune, jf.

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/departementet-pabyr-omvalg-i-fylkestingsvalget-i-moss-kommune/id2997404/>

Valdagen er sett til å vere 27. november 2023 jf. <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/det-bli-omvalg-i-moss-mandag-27.-november/id2999771/>. Det er også vedteke førehandsrøysting i alle landets kommunar i perioden 13. nov til 24.nov.

Dette gjer at alle landets kommunar må vere førebudd på at personar som var folkeregistrert pr juni 2023 i Moss kommune kan førehandsrøyste i den kommunen dei no oppheldt seg eller bur i.

Ved omvalet fungerer dei tidlegare oppnemnte valstyra, med mindre det er oppnemnt nytt valstyret. For Osterøy kommune er det ikkje oppnemnt nytt valstyret for periode 2023-2027. Valstyret for perioden 2019-2023 er difor fortsett gjeldande valstyret.

Når ein veljar tek kontakt med kommunen for å avtale tid, skal veljar få oppgitt tidspunkt for når vedkommande kan røyste. Det skal så langt det lar seg gjere takast omsyn til veljars ønskje om tidspunkt.

Det vil vere mogleg å søkje ambulerande røystegiving for dei som ikkje har moglegheit for å røyste på rådhuset. Frist for å søkje om ambulerande røystegiving er fastsett av departementet til 22.11.2023 kl. 12:00

Bakgrunn

Sjå meir informasjon her:

- https://www.regjeringen.no/contentassets/3dc6ff6835164a09931ce33a84f95cd0/kommu_nestyre-og-fylkestingsvalget-2023-klage-pa-manglen297751.pdf
- <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/departementet-har-vedtatt-hvordan-omvalget-i-moss-skal-gjennomfores/id3005987/>
- <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2023-10-12-1613>
- <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2023-10-26-1693>

Vurdering

Kommunedirektøren ser det ikkje nødvendig å oppnemne nye røySTEMottakarar. Kommunen brukar dei som er på rådhuset og som allereie er oppnemnt til valet 2023.

Kommunedirektøren har ikkje meir å tilføre saka.

Konklusjon

Saka vert lagt fram for valstyret for handsaming og avgjerd.